



DET KONGELEGE
UTANRIKSDEPARTEMENT

St.meld. nr. 32

(2008–2009)

Om Noregs deltaking i den 63. ordinære
generalforsamlinga i Dei sameinte
nasjonane (FN) og vidareførte sesjonar av
den 62. generalforsamlinga i FN

Innhald

1	Samandrag	5	6	Menneskeretts- og sosiale spørsmål (3. komité)	19
1.1	FNs generalforsamling i «krisenes» teikn	5	6.1	Generelt	19
1.2	Viktige saker og hendingar som påverka den 63. generalforsamling ..	5	6.2	Lesbiske, homofile, bifile og transpersonar	19
1.3	Område der Noreg har markert seg	6	6.3	Dødsstrafferesolusjonen	19
1.4	Oppsummering av komitéarbeidet ..	8	6.4	Barns rettar	19
			6.5	FNs høgkommissær for flyktningar (UNHCR)	20
2	Konstituering og val	9	6.6	Menneskerettssituasjonen i enkeltland	20
2.1	Avslutning av den 62. generalforsamlinga og opning av den 63. generalforsamlinga	9	6.7	Tortur	20
2.2	Oppnemning av delegasjon til den 63. generalforsamlinga	9	6.8	Utanomrettslege, summariske eller tilfeldige avrettingar	20
2.3	Val	9	6.9	Retningslinjer for arbeidet hos Høgkommissæren for menneskerettar (Programme 19)	20
3	Saker i plenum	10	7	Avkolonisering og fredsbyggingsoperasjonar (4. komité)	22
3.1	Generaldebatten	10	7.1	Generelt	22
3.2	Høgnivåmøte	10	7.2	Vest-Sahara	22
3.3	FN-reform	11	7.3	Midtausten	22
3.4	Globale helsespørsmål	12	7.4	Fredsbevarande operasjonar	22
3.5	Fredsbyggingskommisjonen	13	8	Administrative og budsjettmessige spørsmål (5. komité)	24
3.6	Humanitære spørsmål	13	8.1	Det regulære budsjettet for 2008–2009	24
3.7	Anstendig arbeid	13	8.2	Finansiering av FN's krigsforbrytar-domstolar	24
3.8	Regionale konflikhtar	14	8.3	Finansiering av FN's fredsbevarande operasjonar	24
3.9	Havretts- og fiskerispørsmål	14	8.4	FN's politiske misjonar	25
3.10	Terrorisme	15	8.5	Styrking av FN's politiske avdeling (DPA)	25
3.11	Dei internasjonale domstolane	15	8.6	Styrking av FN's utviklingsarbeid	25
4	Nedrusting og tryggleik (1. komité)	16	8.7	Harmonisering av tenestevilkår	25
4.1	Generelt	16	8.8	Reformspørsmål	25
4.2	Klaseammunisjon	16	8.9	Andre budsjettspørsmål	26
4.3	Avtale om regulering av internasjonal handel med konvensjonelle våpen (ATT)	16	9	Juridiske spørsmål (6. komité) ...	27
4.4	Våpenkappløp i det ytre rommet	16	9.1	Generelt	27
4.5	Andre resolusjonar	17	9.2	Terrorisme	27
5	Økonomi, miljø- og utviklingsspørsmål (2. komité) ...	18	9.3	Folkerettskommisjonen	28
5.1	Generelt	18	9.4	Andre spørsmål	28
5.2	Miljø og berekraftig utvikling	18			
5.3	Migrasjon	18			
5.4	Korrupsjon	18			
5.5	Fattiges tilgang til lov og rett	18			

Vedlegg

1	Tale av Jens Stoltenberg, statsminister i Noreg, til generalforsamlinga i Dei sameinte nasjonane, 63. sesjon.....	29	4	Oversikt over Noregs innlegg under den 63. generalforsamlinga	34
2	Tale av Jens Stoltenberg, statsminister i Noreg, på pressekonferanse for den globale kampanjen	31	5	FN sine medlemsland og bidragskalaen	35
3	Programbudsjettet 2008–2009	33	6	FN-systemet	40
			7	Forkortingar	41

St.meld. nr. 32

(2008–2009)

Om Noregs deltaking i den 63. ordinære generalforsamlinga i Dei sameinte nasjonane (FN) og vidareførte sesjonar av den 62. generalforsamlinga i FN

*Tilråding frå Utanriksdepartementet av 24. april 2009,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Stoltenberg II)*

1 Samandrag

1.1 FNs generalforsamling i «krisenes» teikn

Generalforsamlinga hausten 2008 (GF63) blei i stor grad prega av dei mange globale krisene – matvarekrise, energikrise, global oppvarming, og ikkje minst finanskrisa – som verdssamfunnet blei råka av. I tillegg fekk presidentvalet i USA og – om enn i mindre grad – sommarens krig i Georgia og Kosovo-spørsmålet på ulike vis innverknad på forhandlingsprosessane og utfallet av generalforsamlinga.

FNs generalsekretær Ban Ki-moon blei sett på prøve på alle desse områda. Mange medlemsland etterlyste sterkare leiarskap og meinte at generalsekretæren burde ha reagert tidlegare, og på eige initiativ teke fatt på, på dei utfordringane krisene førte til. Bakgrunnen for dette er ei oppfatning om at FN, som einaste globale organisasjon, burde ha spelt ei viktigare rolle.

President for Generalforsamlinga, tidlegare sandinistisk utanriksminister i Nicaragua, Miguel D'Escoto Brockman, forsøkte under slagordet «eit

meir demokratisk FN» å styrkje rolla til Generalforsamlinga. Initiativet fall i god jord hos det store fleirtalet av medlemslanda. Problemet er at Generalforsamlinga manglar «verktøy» til å faktisk å gjere noko, bortsett frå å arrangere høgnivåmøte med avgrensa utfall. I tillegg blei det i løpet av hausten klart at ein «aktivistisk» president kan skape gnissingar og kompetansestrid med generalsekretæren. Denne utviklinga blir oppfatta som lite fruktbar for organisasjonen.

1.2 Viktige saker og hendingar som påverka den 63. generalforsamling

Finanskrisa

I kjølvatnet av den internasjonale finanskrisa gjorde FNs generalsekretær seg til talsmann for verdas fattige og tok til orde for ein grøn økonomi. Men generalsekretæren kom seint på bana når det gjaldt handteringa av krisa. Det gjorde at FN ikkje fekk noka sentral rolle under G20-møtet i Washington, og at organisasjonen ikkje er med i dei arbeids-

gruppene som blei nedsette til å sjå nærmare på handteringa av krisa. FN har heller ikkje klart å skape særleg merksemd om det viktige arbeidet mot fattigdom, og mange medlemsland har i løpet av hausten oppfordra organisasjonen til å ta på seg ei meir aktiv rolle.

At generalsekretæren opptredde nølande, gav presidenten for Generalforsamlinga større spele-rom. Han utnemnde mellom anna ein kommisjon som skal komme med tilrådingar om reform av det internasjonale monetære og finansielle systemet.

FN-konferansen om finansiering for utvikling vedtok i Doha i desember at det skal arrangerast ei FN-konferanse om finanskrisa, den økonomiske krisa og korleis dei verkar inn på utvikling.

Saman med dei andre nordiske landa er Noreg i dialog med FNs fond og program om korleis dei kan bidra til å motverke dei konsekvensane finanskrisa kan få for dei fattigaste.

Presidentvalet i USA

Sjølv om USA heldt fast ved sine tradisjonelle haldningar under haustens Generalforsamling, medverka valet og utsiktene til eit skifte i administrasjon til ein mindre spent atmosfære. Dessutan skapte det forhåpningar om ein ny og meir konstruktiv amerikansk FN-politikk. Ikkje minst gjeld det på klimaområdet.

Klima og miljø

Diskusjonane rundt resolusjonane om miljø og klima under Generalforsamlinga bar preg av at det går føre seg forhandlingsprosessar på andre arenaer. Det er utbreidd frykt for at ei semje om tekstar i FN vil verke bindande på forhandlinga om ein ny internasjonal klimaavtale i København. G77 vegrar seg mot ein tekst der det blir antyda at også desse landa må ta ansvar når det gjeld å kutte i utsleppa av klimagassar. Så langt har desse kunna skuve USA og andre store forureinarar framfor seg. Derfor er det avgjerande kva som blir den nye klimapolitikken til USA.

Klimaspørsmål og førebuingane til København-toppmøtet er blant hovudprioriteringane til generalsekretæren i året som kjem.

Krigen i Georgia og Kosovo-spørsmålet

Før Generalforsamlinga var det spekulert i korleis forholdet til Russland og tendensane til ein ny kald krig ville gjere seg gjeldande i FN. Utslaga blei mindre enn venta. Sjølv om spenninga var der, var ikkje Russland dramatisk meir sjølvhevdande i prosessane i Generalforsamlinga enn før.

Russarane kunne dessutan innkassere ein liten siger når det gjaldt Kosovo-spørsmålet. Generalforsamlinga var splitta, men bad likevel Den internasjonale domstolen i Haag om ein rådgivande uttale om kor vidt den Kosovos sjølvstendeerklæringa var lovleg. Stort sett gjekk skiljelinja mellom dei som hadde anerkjent Kosovo som sjølvstendig stat, og dei som ikkje hadde det. Noreg, saman med blant andre Island, røysta for vedtaket. Haldninga blei grunnlagt med behovet for å bidra til stabilitet i regionen og omsynet til fredeleg tvisteløysing.

FN-reform

Stillstanden i reformarbeidet som prega fjoråret, er avløyst av forsiktig framdrift og optimisme. FN er godt i gang med å gjennomføre anbefalingane til reformpanelet om å levere betre gjennom ei samordning av bistandsverksemda på landnivå. Ein handlingsplan for harmonisering av økonomiregelverk og administrative rutinar for FN-systemet er i ferd med å bli sett i verk, og mellomstatlege forhandlingar er i gang.

Tryggingsrådet

Ved valet av fem nye medlemmer til Tryggingsrådet fekk Island berre 87 stemmer og tapte mot Tyrkia og Austerrike. Det kan vere ein indikasjon på at desse vala er i ferd med å bli meir uberekelege, og dessutan at små land har fått mindre sjansar til å bli valde.

I spørsmålet om reform av Tryggingsrådet er frontane framleis steile, og det har ikkje vore råd å komme vidare med spørsmålet i Generalforsamlinga. Trass i semje om å starte mellomstatlege forhandlingar i plenum i første del av 2009 er det få som ventar ei løysing i løpet av året.

1.3 Område der Noreg har markert seg

Helse og klima

Toppmøta om Afrika og tusenårsmåla sette sitt preg på Generalforsamlinga i opningsveka. Gjennom høgt profilerte initiativ, med statsministeren i spissen, styrkte Noreg si stilling som ein framtre-dande helse- og klimanasjon. Den norske innsatsen for å styrkje helsetenestene og få ned mødre- og barnedødstala fekk brei merksemd, likeins støtte til FN-arbeidet mot avskoging og global oppvarming.

Med utspring i utanriksministerens initiativ til Oslo-erklæringa om «Global helse og utanrikspolitikk» frå 2007 fekk Noreg gjennomslag for å setje

temaet på saklista i FN. Dette er første gongen eit slikt overgripande helsetema blir teke opp til behandling i Generalforsamlinga.

Fattiges tilgang til lov og rett

Eit anna initiativ Noreg fekk gjennomslag for under haustens Generalforsamling, var arbeidet med fattiges tilgang til lov og rett. Noreg var pådrivar for kommisjonen som la fram sin rapport om temaet i juni 2008. Vedtaket i Generalforsamlinga kan på sikt styrkje FN i arbeidet med å gjere det mogeleg for fattige å registrere eigen eigedom og skaffe kreditt, slik at dei på den måten kan komme seg ut av fattigdommen. Resolusjonen blei forhandla fram i allianse med sentrale utviklingsland.

Likestilling

Det er brei semje om at FN må styrkje kvinne- og likestillingsarbeidet, og i 2009 skal forhandlingane om ny likestillingsarkitektur ta til. Dette er eit viktig skritt i retning av eit meir relevant, effektivt og resultatorientert FN. Noreg spelar ei sentral rolle i desse prosessane gjennom eit tett nordisk samarbeid og strategiske alliansar med utvalde utviklingsland.

Eit sterkt norsk engasjement i Doha-prosessen gav god uttelling for norske prioriteringar i erklæringa om finansiering for utvikling. Styrking av kvinners stilling som effektivt middel til å auke ressursane til utvikling blei stadfest i slutterklæringa.

Kamp mot korrupsjon

I Doha-erklæringa ble det òg påpeikt at tiltak for å hindre skatteunndraging og ulovleg kapitalflyt er viktig i kampen mot fattigdommen. På same måten som Monterrey-konsensen styrkte erklæringa FN's rolle som den sentrale arenaen for å utvikle globale mål og normer i utviklingspolitikken.

Migrasjon

Medlemslanda er framleis ikkje samde om kvar og korleis migrasjon skal behandlast i FN. Eit kompromiss om å arrangere ein ny høgnivådialog i 2013, som sikrar at migrasjon og utvikling blir debattert i FN-samanheng, må likevel reknast som et skritt i rett retning.

Fredsbyggingskommisjonen

Ein sentral del av FN-reforma var opprettinga av Fredsbyggingskommisjonen i 2006. Gjennom tungt norsk engasjement i etableringsfasen har kommisjonen vist seg relevant både når det gjeld å vurdere fredsbyggingsbehovet i enkeltland og strategisk finansiering til ei rekkje land. Samtidig

står ei rekkje utfordringar uløyste, ikkje minst når det gjeld å sikre at FN-systemet, internasjonale finansinstitusjonar og eksterne aktørar opptre samordna, raskt og strategisk i tilnærminga til fredsbyggingsarbeidet.

Ytringsfridom

Under opninga av Generalforsamlinga leidde utanriksminister Jonas Gahr Støre det første Trygve Lie-symposiet om grunnleggjande fridommar. Symposiet skal vere eit årleg norsk innslag, og i år var temaet «The State of Freedom of Expression: Access to Information as a Driver of Social Development». Blant paneldeltakarane var utanriksministrane i Indonesia, Sør-Afrika og Sverige.

Rettar for lesbiske, homofile, bifile og transpersonar

For første gong blei det halde eit tverregionalt innlegg i Generalforsamlinga om rettane til lesbiske, homofile, bifile og transpersonar. I alt 66 land, deriblant seks afrikanske, samla seg bak innlegget, som stadfeste at universalitet og ikkje-diskriminering er prinsipp som gjeld alle grupper, også dei med utgangspunkt i seksuell orientering. Noreg var med i kjernegruppa som fremja initiativet.

Arbeidstakarrettar

I samarbeid med Tanzania la Noreg fram ein resolusjon om å setje den nye ILO-erklæringa «Social Justice for a Fair Globalisation» på saklista i FN. Resolusjonen blei vedteken ved konsens og var eit viktig prinsipielt gjennombrot for arbeidstakarrettar («Decent Work») i FN-systemet.

FNs humanitære rolle

Noreg er pådrivar for å styrkje FNs humanitære rolle, både gjennom aktivitet og solide bidrag. Dette kom klart fram under årets høgnivåkonferanse om CERF (Central Emergency Response Fund), der Noreg er fjerde største givar og åleine står for ca. 10 % av fondet for 2009 (42 av drygt 400 millionar US-dollar).

Afghanistan

Noreg har arbeidd aktivt og langt på veg fått gjennomslag for ei betrakteleg styrking av FN-operasjonen i Afghanistan (UNAMA). Budsjetten for 2009 vart dobla i høve til året før. Det inneber 115 nye internasjonale stillingar. Styrking av UNAMA-budsjettet blei gitt prioritet i arbeidet i 5. komité for å støtte opp under arbeidet til Kai Eide, som er spesialrepresentant for generalsekretæren i Afghanistan.

Havretts- og fiskerispørsmål

I år òg var den norske delegasjonen aktivt med i forhandlingane om havretts- og fiskerispørsmål. Når det gjeld fiskerispørsmål, er det på norsk side god grunn til å vere nøgd med resultata, særleg med omtalen av utkast av fisk.

Samarbeid med andre land og grupper

Generelt kan det seiast at strategiske alliansar med sentrale utviklingsland og eit tett nordisk samarbeid har gitt stor uttelling når det gjeld å få gjenomslag for norske prioriteringar i FN-samanheng.

1.4 Oppsummering av komitéarbeidet

1. komité

Nedrustingsarbeidet i FN var denne hausten prega av ei avventande haldning til kva den nye administrasjonen i Washington ville prioritere. Spesielt gjeld dette på områda kjernefysisk nedrusting og ikkjespreading. Etter haustsesjonen er det klart at stillstanden i det multilaterale nedrustingsmaskineriet ikkje kan halde fram særleg lengre. Det gjeld både Nedrustningskonferansen (CD) og FNs nedrustningskommisjon (UNDC). Dersom desse ikkje maktar å levere i løpet av det kommande året, vil kravet om forhandlingar i andre forum auke. Oslo-prosessen om konvensjonen om klaseammunisjon blei av mange nemnd som eitt av få lyspunkt i nedrustingsarbeidet. Eit anna tema som fekk mykje merksemd var arbeidet med eit nytt instrument for regulering av internasjonal handel med konvensjonelle våpen (ATT).

2. komité

I komiteen for økonomi-, miljø- og utviklingsspørsmål blei arbeidet gjennomført i kjend stil med spenningar og konfrontasjonar i og mellom dei ulike grupperingane. Det var likevel ein undertone av noko meir tillitt mellom nord og sør enn dei siste åra. Sidan fokuset og energien var retta mot Doha-prosessen om finansiering for utvikling, var arbeidet i komiteen prega av at året var eit mellomår med stillstand i behandlinga av klima- og miljøspørsmål, små framskritt på migrasjon og lite nytt på korrupsjon. På den positive sida kom vedtaket om å rasjonalisere komitéhandteringa av bistandsverksemda i FN.

3. komité

På menneskerettsområdet fortsette trenden med å fremje tverregionale initiativ med det vellykka franske innlegget om lesbiske og homofile rettar

(der Noreg var med i kjernegruppa) og ein ny, men prosedyreprega resolusjon om bruken av dødsstraff. Samtidig var den tradisjonelle skilje-linja mellom G77 og vestlege land tydeleg i kampen om det strategiske rammeverket for arbeidet til høgkommissæren for menneskerettar. Nordiske resolusjonar om tortur og summariske avrettingar blei sette under sterkt press, mens det var framgang å spore i resolusjonen om barns rettar.

4. komité

Tradisjonen tru var det Vest-Sahara og palestinar-aka som dominerte saklista i komiteen for avkolonisering og fredsbevarande operasjonar. Marokko og Algerie blei etter langvarige forhandlingar samde om ein felles resolusjon om Vest-Sahara, men lite tyder på at eit gjennombrot er nært foreståande. Resolusjonane om Midtausten vart òg vedtekne i tråd med stemmemønster frå tidlegare år.

I debatten om FNs fredsoperasjonar var støtte til nulltoleranse for seksuelle overgrep og andre tenesteforsømmingar eit gjennomgåande tema. Behovet for større samsvar mellom mandat og ressursar, og for betre samarbeid mellom troppebidragsytande nasjonar, Tryggingrådet og Sekretariatet, blei òg vektlagt av mange land. Dette må sjåast i samanheng med den vedvarande auken i talet på personell i operasjonar som får stadig meir omfattande og komplekse mandat, noko som utgjør ei vesentleg belastning på FNs kapasitet.

5. komité

Etter langvarige forhandlingar mellom EU og G77 blei Generalforsamlinga samd om ein pakke med tilleggsbudsjett for 2009, der ein mellom anna styrker FN-operasjonane i Afghanistan (UNAMA), FNs utviklingsarbeid (DESA) og FNs politiske operasjonar. Desse budsjetta kjem i tillegg til FNs toårige budsjett for 2008–2009 og inneber at budsjettet for 2008–2009 aukar til USD 4 865 080 200. Generalforsamlinga godtok eit førebels overslag for budsjettet for 2010–2011 på USD 4 871 048 700.

6. komité

God stemning prega forhandlingane i komiteen for juridiske spørsmål. Som før blei alle resolusjonane vedtekne ved konsens. Komiteen klarte å finne fram til ein farande veg for vidare behandling av temaet rettsstat og la eit rammeverk for reform av FNs interne rettssystem. Dessverre er det truleg ikkje grunnlag for å utvikle ein konvensjon om straffansvar for FN-tilsette fordi ein fryktar at statar urettmessig vil straffeforfølgje andre statars militære personell.

2 Konstituering og val

2.1 Avslutning av den 62. generalforsamlinga og opning av den 63. generalforsamlinga

Den 62. Generalforsamlinga blei formelt avslutta 15. september 2008 og den 63. opna 16. september 2008. Generaldebatten starta 23. september og blei avslutta 29. september.

2.2 Oppnemning av delegasjon til den 63. generalforsamlinga

Noregs delegasjon under FNs 63. Generalforsamling:

Statsminister Jens Stoltenberg, leiar
Utanriksminister Jonas Gahr Støre, nestleiar
Miljø- og utviklingsminister Erik Solheim, nestleiar
Ambassadør Morten Wetland, nestleiar

Stortingsrepresentantar:

Første del av sesjonen:

Bendik Arnesen
Eva Kristin Hansen
Anders Anundsen
Gjermund Hagesæter
Lena Jensen
Trine Skei Grande

Andre del av sesjonen:

Eirin Faldet
Asmund Kristoffersen
Åse Schmidt
Peter Gitmark
Laila Dåvøy
Alf Ivar Samuelsen

Observatørar:

Den norske Burmakomiteen

FN-sambandet

Norsk kvinneleg teologiforening

Skeiv Ungdom

Sosialistisk Ungdom

Mellomkyrkjeleg råd

Næringslivets hovudorganisasjon, NHO

Landsorganisasjonen, LO

Networkers North-South

2.3 Val

President for den 63. generalforsamlinga

Den 63. Generalforsamlinga valde Miguel d'Escoto Brockmann, tidlegare utanriksminister for Nicaragua og romersk-katolsk prest, til president.

Tryggingsrådet

Den 17. oktober valde Generalforsamlinga fem nye medlemmer til Tryggingsrådet for perioden 2009–2010. I den vesteuropeiske gruppa tapte Island kampen mot Tyrkia og Austerrike, som fekk høvesvis 151 og 133 røyster i første valomgangen. Island fekk berre 87 røyster og låg dermed langt under det to tredjedels fleirtalet på 128 røyster som var kravet. Før valet var det knytt stor interesse til kor mange som ville støtte Irans kandidatur. Iran stilte mot favoritten Japan og fekk berre 32 røyster. Japan vann overlegent med 158 røyster. Mexico og Uganda stilte utan motkandidat og blei valde inn med brei margin. Sør-Afrika, Indonesia, Panama, Belgia og Italia overlét sine sete i Tryggingsrådet til dei nye medlemmene ved årsskiftet.

ECOSOC

Under Generalforsamlinga blei Noreg valt inn i FNs økonomiske og sosial råd (ECOSOC) for 2009 og 2010. Rådet har 54 medlemmer.

3 Saker i plenum

3.1 Generaldebatten

Generaldebatten som opna Generalforsamlinga, bar preg av ei verd i krise. Gong etter gong blei det teke til orde for at ein må få betre kontroll over verdsøkonomien, og for at det internasjonale samarbeidet må bli sterkare. Ved sida av finanskrisa var matvarekrise, energikrise, klimaendringar, tusenårsmåla og reform av FN tema som mange medlemsland var opptekne av.

USAs president, George Bush, heldt sitt siste innlegg for Generalforsamlinga. Han nytta høvet til å snakke om terrorisme og viste til korleis kampen for fridom hadde bore frukter i Afghanistan, Irak, Georgia, Ukraina, Libanon og Liberia. Bush var blant dei få som ikkje omtalte finanskrisa.

Frankrikes president, Nicolas Sarkozy, la derimot stor vekt på den pågåande finansuroa og understreka behovet for sterkare internasjonal styring av kapitalismen. Det same gjorde Storbritannias statsminister, Gordon Brown, som sette fram fem nøkkelpriinsipp for ei sunn utvikling i den globale økonomien: openheit, betre bankpraksis, ansvar, integritet og globale reguleringar.

Russlands utanriksminister, Sergej Lavrov, var oppteken av internasjonal tryggleik. Han meinte krisa i Georgia viste at Europa ikkje var i stand til å handtere den typen truslar som Georgia representerte. Han nytta òg høvet til å kritisere den internasjonale kampen mot terror.

Kinas innlegg var meir nasjonalt fokusert. Statsminister Wen Jiabao nemnde jordskjelvet i Wenchuan og dei olympiske leikane som to viktige hendingar i landet det siste året. Den fredelege utviklinga i Kina blei på ny proklamert.

Brasil fokuserte i hovudsak på finanskrisa og behovet for å ta eit oppgjør med marknadsfundamentalismen. Både India og Tyskland nemnde behovet for reform av Tryggingrådet i sine innlegg.

Noregs innlegg blei halde av statsminister Jens Stoltenberg, som fokuserte på to hovudmoment: behovet for global leiarskap og oppfølging av tusenårsmåla. Han understreka at landa i verda har eit felles ansvar for å gjere FN til eit effektivt forum for global styring. For Noreg var oppnåing av

tusenårsmåla den høgst prioriterte oppgåva for FN. Mål nummer 4 (reducere talet på barn som døyr) og 5 (mødrehelse) blei spesielt framheva, og statsministeren informerte om at Noreg har teke på seg eit spesielt ansvar for å følgje opp desse måla. Spørsmål om klima- og finanskrisa ble òg nemnde.

3.2 Høgnivåmøte

Toppmøtet om FNs tusenårsmål

I september 2000 vedtok FNs generalforsamling Tusenårserklæringa. Ho inneheld åtte mål for arbeidet med global fattigdomsreduksjon. Desse måla er blitt eit vegkart og eit rammeverk for multilateralt og bilateralt utviklingsarbeid i dei fattige landa fram mot 2015.

For å få større merksemd om tusenårsmåla blei det under opninga av den 63. Generalforsamlinga arrangert toppmøte der over 80 statsleiarar deltok. Gjennom meir enn 50 arrangement og eit hovudmøte, der statsministeren var leiar for eit rundebord om helse og utdanning, blei det gitt tilsegn om ca. USD 16 mrd. til arbeidet med å nå måla. Det er avgjerande at desse pengane kjem på bordet og blir omsette i handling. Dessutan trengst det ytterlegare midlar om ein skal ha håp om å innfri tusenårsmåla.

Under toppmøtet hausta Noreg stor ros for å vere eit land som leverer. Statsministerens engasjement og det norske bidraget for å redde 10 millionar mødrer og nyfødde i dei fattige landa innan 2015 fekk internasjonal merksemd og mediedekning. Saman med FNs generalsekretær lanserte statsministeren og miljø- og utviklingsministeren dessutan det norskfinansierte FN-programmet for kamp mot klimaendringar som følgje av avskoging (UNREDD). Dette initiativet var med og auka merksemda om klimautfordringane under toppmøtet.

Det blir lagt opp til at det skal haldast eit nytt toppmøte om tusenårsmåla i 2010.

Høgnivåkonferansen om Afrika

Miljø- og utviklingsminister Erik Solheim deltok på høgnivåmøtet om Afrikas utviklingsbehov 22. september 2008. Alvoret i at ingen afrikanske land ligg an til å nå tusenårsmåla innan 2015, og behovet for at verdssamfunnet tek ansvar for å innfri gamle lovnader, var hovudbodskapane frå generalsekretæren. Andre tema som gjekk att i debatten, var utfordringar knytte til auken i matvareprisane, behov for omstrukturering i jordbrukssektoren, klimaendringar, helse, utdanning, vatn og sanitær, kapasitetsbygging og samanhengen mellom fred, menneskerettar/styresett og utvikling. Det blei lagt vekt på New Partnership for Africa's Development (NEPAD) og Den afrikanske union (AU) som sentrale regionale aktørar.

Solheim la i sitt innlegg vekt på behovet for å sjå på alternative inntektskjelder for utviklingslanda. Han sa at bistand er viktig, men berre éin av mange vegar til utvikling, der privat kapital og investeringar er langt viktigare, og at mobilisering av ressursar og offentleg-privat samarbeid bør stå i fokus. Noreg vil at det skal rettast større internasjonal merksemd mot illegale pengestraumar og skatteparadis. Han understreka at inntekter frå fornuftig forvaltning av naturressursar og råvarer som olje- og gassførekomstar, er avgjerande for å finansiere utvikling. Han gjekk òg ut frå at klimaendringane vil trekkje til seg mest bistandsmidlar i framtida, og framheva det urimelige i at dei landa som i minst grad har medverka til klimaendringar, no står i fare for å måtte betale den høgaste prisen for omgåande handling og implementering.

Ministermøte i den internasjonale givarlandsgruppa for Det palestinske området (AHLC)

I samband med opninga av den 63. generalforsamlinga leidde utanriksminister Jonas Gahr Støre eit ministermøte i den internasjonale givarlandsgruppa for Det palestinske området (AHLC). Givargruppa gav 22. september si fulle støtte til ein palestinsk stat og rosa innsatsen til statsminister Salam Fayyad. Gruppa understreka behovet for økonomisk vekst i Det palestinske området og oppfordra Israel til å lette fri ferdsel for personar og varer ved å byggje ned vegsperringar på Vestbreidda og opne grenseovergangane til Gazastripa.

Finansiering for utvikling

Under FN-konferansen om finansiering for utvikling i Doha i slutten av november var Noreg svært synleg. Tidlegare FN-ambassadør Johan L. Løvald var tilretteleggjar for forhandlingane, og Noreg fekk gjennomslag for ei rekkje av sine prioriterin-

gar. Sluttdokumentet understreka at ei styrking av kvinners stilling er eit effektivt middel til fattigdomsreduksjon. Etter påtrykk frå mellom andre Noreg var det òg semje om at det å hindre skatteunndraging og ulovlig kapitalflyt er eit viktig verktøy i kampen mot fattigdom.

Doha-konferansen bygde på ein tilsvarende konferanse i Monterrey i Mexico i 2002. Konferansen i 2002 understreka fattige lands ansvar for å mobilisere eigne ressursar til utvikling, mellom anna gjennom godt styresett og kamp mot korrupsjon. Under Doha-konferansen stadfeste dei rike landa bistandslovnadene sine, trass i finanskrisa. Konferansen vedtok òg at det skal arrangerast ei FN-konferanse om finanskrisa, den økonomiske krise og korleis dei verkar inn på utvikling. Sluttdokumentet frå Doha blei vedteke av Generalforsamlinga og har berre rådgivande kraft.

Høgnivåmøtet om interreligiøs dialog

Generalforsamlinga heldt i november høgnivåmøte om interreligiøs dialog. Møtet kom i stand etter eit personleg initiativ frå Saudi-Arabias kong Abdullah og samla ei lang rekkje stats- og regjeringssjefar, i første rekke frå muslimske land, men òg frå nokre vestlege land. Det gode oppmøtet speglar både muslimske lands frustrasjon over nedsetjande framstillingar av islam og muslimar og vestlege lands behov for å komme denne kritikken i møte. Samtidig understreka vestlege land, deriblant Noreg, at ytrings- og religionsfridom må vere grunnlaget for ein interreligiøs dialog. Krav om forbod mot nedsetjande omtale av religionen fekk ikkje nokon framtreddande plass i debatten, men samtidig viser resolusjonsforslaget som Organisasjonen av islamske land (OIC) la fram om dette i 3. komité, at kravet framleis står ved lag.

3.3 FN-reform

Reform av bistandsverksemda i FN

I 2008 blei stillstanden i reformarbeidet som prega Generalforsamlinga i 2007, avløyst av forsiktig framdrift og optimisme. I bistandsverksemda er gjennomgripande reformer no på veg. Høgnivåpanelet, med statsminister Jens Stoltenberg som leiar, fremja i november 2006 ei rekkje konkrete forslag som skulle gjere FN's utviklingsarbeid meir effektivt. Rapporten fekk ein trong fødsel. Motstand frå sentrale utviklingsland som meinte at forslaga først og fremst varetok givarlanda sine interesser og ville bety nye krav og vilkår i bistanden, var med og bremsa oppfølginga av rapporten. I tillegg var ei rekkje av særorganisasjonane i FN

redde for at reformene skulle medverke til å marginalisere deira rolle i utviklingslanda. 2007 blei derfor brukt til å byggje forståing og tillitt blant utviklingslanda og blant FN-organisasjonane. Bodska- pen var at høgnivåpanelet først og fremst ønskte å gjere utviklingshjelpa frå FN meir relevant og sikre FN høg legitimitet og evne til å levere på tusenårs- måla. Saman med likesinna land har Noreg bygd strategiske alliansar med utviklingsland og aktørar i FN, og dette bidrog til fornya dynamikk og sam- arbeid om gjennomføringa av tilrådingane frå høg- nivåpanelet.

I dei to åra som har gått sidan høgnivåpanelet la fram rapporten, er det sett i gang omfattande refor- mer på landnivå. I åtte utviklingsland blir ulike FN- kontor samla til eitt kontor med éin leiar, eitt pro- gram og eitt budsjett. Så langt tyder tilbakemeldin- gane frå desse landa på ein klar gevinst i form av auka effektivitet og betre målretting og resultat. Det såkalla «Eitt FN» på landnivå skal evaluerast i løpet av 2009. Etter dette vil reformene kunne set- jast i gang i fleire land. På eige initiativ har likevel nær 30 utviklingsland starta ei omlegging av FN- verksemda i retning av «Eitt FN».

Forslaga til tettare samarbeid mellom FNs fond, program og særorganisasjonar, betre sam- ordning og harmonisering av administrative ord- ningar og økonomiregelverk og til modernisering av personalforvaltninga blir òg følgde opp. Somma- ren 2008 la FN fram ein handlingsplan for korleis ein skulle oppnå dette. Det vil ta 2–5 år før alle til- taka er gjennomførte.

I september 2008 vedtok Generalforsamlinga ein resolusjon som anerkjenner rapporten frå høg- nivåpanelet og tilrådinga om å styrkje FN-arbeidet med å fremje likestilling og kvinnerettar. Våren 2009 vil medlemslanda ta stilling til korleis FN kon- krete skal organisere arbeidet for å sikre større gjennomslag på dette området. Saman med dei nordiske landa er Noreg ei drivkraft i dette arbei- det.

Reform av Tryggingrådet

Debatten om reform av Tryggingrådet starta for alvor i kjølvatnet av rapporten «In Larger Freedom», som generalsekretæren la fram i 2005, og varte fram mot toppmøtet i 2005. Enno er det brei semje om at Tryggingrådet i si noverande form ikkje er tilpassa realitetane i det 21. hundre- året, og bør reformerast, både når det gjeld saman- setjing og arbeidsmetodar. Det er likevel inga semje om korleis ei utviding bør skje. Dei ulike for- slaga og alliansane som har utkrySTALLISERT seg, nøytraliserer kvarandre slik at ingen av forslaga

har det nødvendige to tredjedels fleirtalet i Gene- ralforsamlinga. Det er tre «leirar» i spørsmålet. «G4-landa» Japan, Tyskland, India og Brasil ønskjer ei utviding til 25 plassar, underforstått med fast medlemskap for dei sjølve og to ikkje spesifi- serte afrikanske land. I motsetning til dette forsla- get står «konsensgruppa», med blant andre Italia, Spania, Pakistan, Sør-Korea, Argentina, Mexico og Canada, som meiner at det er uheldig at enkelte medlemmer av rådet ikkje kan stillast til ansvar for Generalforsamlinga gjennom val, same kva dei førete seg. Dei set seg derfor imot ei utviding med fleire faste medlemmer og går i staden inn for ei ordning med fleire valde medlemmer og høve til attval når land gjer seg fortente til det. Eit tredje forslag er Den afrikanske unionens krav om 26 medlemmer, med fast plass til to uspesifiserte afri- kanske land og veto rett for alle faste medlemmer. Mange, blant dei dei fem faste medlemmene, har uttrykt uro for at eit utvida Tryggingråd kan bli mindre effektivt og svekkje FNs handlekraft.

Debatten om reform av Tryggingrådet har halde fram i arbeidsgruppa (Open-Ended Working Group) som blei oppretta i 1993, men ein er ikkje kommen nærmare ei løysing som vil ha støtte hos fleirtalet i Generalforsamlinga. Det herskar utbreidd frustrasjon, særleg hos G4-landa og deira støttespelarar, over at debatten held fram i arbeids- gruppa utan konkrete resultat.

Noreg og dei andre nordiske landa har teke til orde for å styrkje Tryggingrådets legitimitet gjen- nom utvida medlemskap og reform av arbeidsme- todane. Dei nordiske landa har ulikt syn på spørs- målet om fleire faste plassar, men vil ikkje at veto- retten skal utvidast.

3.4 Globale helsespørsmål

Med utspring i utanriksministerens initiativ til Oslo-erklæringa om «Global helse- og utanrikspoli- tikk» frå 2007 fekk Noreg igjennom ein resolusjon som set temaet på saklista i FN. Initiativet, som har aktive partnarar frå Frankrike, Sør-Afrika, Thai- land, Senegal, Brasil og Indonesia i tillegg til Noreg, er eit ledd i arbeidet med å bringe globale helsespørsmål høgare opp på den internasjonale agendaen. I tillegg til å auke merksemda om temaet vil resolusjonen mellom anna kunne leggje til rette for betre koordinering om globale helse- spørsmål i heile FN-systemet. Dette er første gon- gen eit slikt overgripande helsetema blir teke opp til behandling i Generalforsamlinga.

Noreg hadde ei aktiv rolle i arbeidet med reso- lusjonen, men gjennomslaget og oppslutninga var

først og fremst eit resultat av eit lengre samarbeid på tvers av regionale grupper. Det viser igjen at brei forankring på tvers av tradisjonelle grupperingar kan vere ein nøkkelfaktor for å ta opp nye og til dels kontroversielle saker i Generalforsamlinga. Saman med statsministerens engasjement rundt barne- og mødreheelse (tusenårsmål 4 og 5) er dette engasjementet med på å konsolidere den norske leiarrolla på helseområdet.

3.5 Fredsbyggingskommisjonen

Fredsbyggingskommisjonen (PBC) er eit rådgivande organ under Tryggingrådet og Generalforsamlinga. Kommisjonen starta arbeidet sitt i juni 2006 og skal samle alle relevante aktørar for å mobilisere ressursar og støtte utviklinga av integrerte strategiar. Vidare skal dei gi råd og informasjon for å betre koordinering og gjenreising i postkonfliktland. Saman med eit fredsbyggingskontor og eit fredsbyggingsfond under generalsekretæren utgjer kommisjonen den nye fredsbyggingsarkitekturen i FN. Fredsbyggingskontoret skal mellom anna bistå kommisjonen, utføre strategisk arbeid og administrere fredsbyggingsfondet. Noreg har skote inn 200 millionar kroner i fondet.

Burundi og Sierra Leone var dei første landa kommisjonen hadde på saklista. I løpet av 2008 blei Guinea-Bissau og Den sentralafrikanske republikken tekne med. For kvart land blir det sett opp område som skal prioriterast for fredsbygging, og integrerte fredsbyggingsstrategiar skal utarbeidast. Utviklinga av dei integrerte fredsbyggingsstrategiane har sett ein ny standard for korleis eit mellomstatleg FN-organ kan samarbeide med eit medlemsland og støtte opp om konsolidering av fred.

Det har vore mange vanskelege debattar i PBC sidan starten. Omgrepet fredsbygging er blitt definert etter kvart som utfordringar har meldt seg i dei landspesifikke formata. Forholdet mellom overgangsjustis, demobilisering og tryggingssektorreform og meir tradisjonell utviklingspolitikk er sett på saklista. Det er aukande semje om at fredsbygging ikkje er spesifikke område, men at forholdet mellom tryggleik, politikk, menneskerettar og utvikling må sjåast i samanheng. Ei sentral utfordring blir å sikre at FN-systemet, internasjonale finansinstitusjonar og eksterne aktørar opptre koordinert i tilnærminga til fredsbyggingsarbeidet.

Noregs tidlegare FN-ambassadør, Johan L. Løvald, var nestleiar i kommisjonen første året og leidde arbeidet med Burundi fram til juni 2008.

Noreg er framleis medlem av Burundi-formatet, men Sverige har overteke leiinga. Medlemskapen i kommisjonens organisasjonskomité går på omgang. Som stor givar til FN-budsjettet kan Noreg forvente å komme tilbake som medlem med jamne mellomrom. Leiarposisjonen har gitt god anledning til å påverke utforminga av den nye fredsbyggingsarkitekturen, og Noreg har hausta stor ros for jobben vi har gjort. Sentrale norske prioriteringar har medverka til at søkjelyset er sett på landnivå, fleksible arbeidsmetodar og brei deltaking.

3.6 Humanitære spørsmål

Noreg har òg vore pådrivar for å styrkje den humanitære rolla til FN, både gjennom det vi har gjort, og i form av solide bidrag. Dette kom ikkje minst til uttrykk under høgnivåkonferansen om CERF (Central Emergency Response Fund), der Noreg er fjerde største givar og åleine står for rundt 10 % av fondet for 2009 (42 av drygt USD 400 mill.).

Under givarkonferansen dette året runda vi 100 givarland, som er eit solid uttrykk for det samlande og legitimerande potensialet FN har. Samtidig er det ei utfordring at de sju største givarane står for 85 % av budsjettet. Dessutan har dei mange samanfallede «krisene» sett sitt preg også på FN's arbeid med humanitære spørsmål, og FN's høgkommissær for flyktningar og FN's flyktningekoordinator, har nytta alle høve til å understreke den doble utfordringa krisene representerer: vesentleg auke i behov, kopla med fare for svekt evne eller vilje til å hjelpe. Dette kom til uttrykk gjennom ei noko labrare givarglede til CERF enn ein hadde håpa.

Når utviklingslanda, med Kina, India, Brasil og Sør-Afrika i spissen, tek stadig sterkare til orde for ei «multipolar» verd, bør CERF vere ei interessant plattform for å be dei same landa ta ansvar i samsvar med egne ambisjonar. Det kan dessutan vere ein kanal for å gjere desse landa ansvarlege i andre vanskelege spørsmål som har prega FN's mellomstatlege diskusjonar på det humanitære området, til dømes respekt for det humanitære rommet og tilgang og trygge tilhøve for humanitært personell.

3.7 Anstendig arbeid

FN's generalforsamlinga vedtok i haust ein resolusjon som støttar ILO-erklæringa «Sosial rettferd for ei rettferdig globalisering», som skal styrkje vernet av arbeidstakarrettane. Noreg var initiativtakar til resolusjonen som eit ledd i oppfølginga av regje-

ringsstrategien for betre vern av arbeidstakarrettar globalt. Dette er òg eit direkte resultat av konferansen «Decent Work – a key to Social Justice for a Fair Globalization», som utanriksministeren heldt i Oslo 5. september i år saman med LO og NHO.

Resolusjonen blei forhandla fram gjennom konstruktivt samarbeid med Tanzania og blei vedteken utan avrøysting. EU og Sveits var aktivt støttande under prosessen. Det same var USA-delegaten, som openbert var positivt prega av det føreståande regimeskiftet i Washington.

3.8 Regionale konflikhtar

Behandlinga av dagsordenspunktene om Midtausten og situasjonen for palestinarane blei som venta ei gjentaking frå tidlegare år. I debatten uttrykte stadig fleire land uro over den forverra humanitære situasjonen på Gazastripa og beklaga den israelske blokaden av området. Avrøystingane over dei mange resolusjonane skjedde etter same mønster som tidlegare. Generalforsamlinga kom saman til ein spesialsesjon 15. januar for å krevje ei omgåande og varig våpenkvile på Gazastripa. Spesialsesjonen uttrykte alvorleg uro over at partane ikkje hadde etterlevd tryggingrådsresolusjon 1860 (2009), og kravde full respekt for Tryggingrådet vedtak om våpenkvile.

Den 10. november gav Generalforsamlinga samrøystes støtte til gjenreisninga av Afghanistan og til FN og spesialrepresentant Kai Eide (UNAMA) som leiar for den sivile innsatsen i landet. Trass i vanskelege forhandlingar mellom USA og Russland blei resolusjonen om Afghanistan til slutt vedteken ved konsens, som tidlegare år. Noreg la vekt på at UNAMA og spesialrepresentant Kai Eide måtte få tilstrekkelege ressursar, at det trengst auka internasjonal innsats for å avverje ei humanitær krise og at det føreståande valet blir avgjerande demokratiet i Afghanistan.

3.9 Havretts- og fiskerispørsmål

Generalforsamlinga er ein sentral arena for å profilere Noreg som ein ressursnasjon med viktige interesser på det marine området. Det norske innlegget tok for seg utfordringar knytte til klimaspørsmål, ulovleg, uregulert og urapportert fiske, utkast av fisk, sjørøververksemd og avgrensing av yttergrensa for kontinentalsokkelen.

Noreg lukkast i å få FN til å fokusere sterkare på behovet for kamp mot utkast av fisk gjennom gode formuleringar i fiskeriresolusjonen. Etter norsk initiativ vedtok dermed Generalforsamlinga ei oppfordring om å vurdere å utarbeide eit regelverk for å stanse utkast av fisk, t.d. gjennom vedtaking av ein handlingsplan under FN's matvareprogram.

Stadig fleire signal tyder på at det er samanheng mellom organisert kriminalitet og ulovleg fiske. Etter norsk initiativ blei det semje om å oppfordre statar og relevante internasjonale organisasjonar til å undersøkje årsakene til og metodane ved ulovleg fiske. Forslaget var svært omstridd, særleg fordi enkelte flaggstatar fryktar ei utvikling av havretten i retning av utvida høve for andre statar til å gripe inn mot fiskefartøya deira.

Forhandlingane om havrettsresolusjonen var dessverre prega av tilbakeslag og dårleg forhandlingsklima. Til dømes kunne ikkje G77 engasjere seg i forhandlingane om mandatet til ein viktig og årleg konferanse om havrettslege spørsmål før heilt i sluttspurten av forhandlingane. Vidare måtte tidlegare aksepterte formuleringar om reduserte utslipp av klimagassar slettast.

Eit anna viktig innsatsområde for Noreg er avgrensing av kontinentalsokkelen for land der denne strekkjer seg ut over 200 nautiske mil. Ei avklaring av yttergrensa for sokkelen er viktig for å skape folkerettsleg klarleik, men kan òg ha store positive konsekvensar for ein stats utvikling. For mange kyststatar er 2009 fristen for å dokumentere sokkelens yttergrenser for Kontinentalsokkelkomisjonen, eit ekspertorgan oppretta under havrettskonvensjonen. For mange utviklingsland er dette ei stor utfordring, og støtte til utviklingsland er derfor heilt nødvendig. Noreg er den viktigaste bidragsytaren til eit FN-fond som yter slik støtte.

Sjørøververksemd har fått auka merksemd i FN etter kvart som fleire skip har blitt angripne utanfor Somalia. Havrettsresolusjonen erkjenner problemet og oppfordrar til tett samarbeid på alle nivå for å slå ned sjørøveri. Likevel er det FN's tryggingråd som gjennom året har vore leiande på dette området, særleg gjennom vedtaking av resolusjonar som opnar for bruk av makt mot sjørøvarar i somalisk farvatn og basane deira på land. Slik maktbruk krev mellom anna eit generelt samtykke frå somaliske styresmakter.

Som før stod Noreg som medforslagsstillar til begge resolusjonane. Fiskeriresolusjonen blei vedteken ved konsens, havrettsresolusjonen med overveldande fleirtal.

3.10 Terrorisme

Det har ikkje vore framdrift i forhandlingane om ein generell terrorismekonvensjon og definisjonen av terrorisme. Det blei sett av ein dag til behandling av status i gjennomføringa av FNs terrorismestrategi. Dette var den første tilsynskonferansen sidan den globale strategien blei vedteken i 2006. Det var brei tilslutning for strategien fram mot neste tilsynskonferanse i 2010.

3.11 Dei internasjonale domstolane

Den internasjonale domstolen i Haag

Under utgreiinga si påpeika domstolspresident Rosalyn Higgins at domstolen aldri har vore så produktiv som no, med fire dommar avsagde i perioden juli 2007 til juli 2008. Det høge aktivitetsnivået stadfester at domstolen er relevant og viktig for fredeleg løysing av tvistar mellom statar. Det blei òg valt fem dommarar til domstolen. Desse kom frå Storbritannia, Frankrike, Brasil, Somalia og Jordan. Alle har brei folkerettsleg og internasjonal røynsle.

Den internasjonale straffedomstolen

Domstolen er fullt operativ, og etter at Cook Island tiltredde i juli 2008, har vedtektene 108 partar. Presidenten for domstolen, Philippe Kirsch, la fram

rapporten frå domstolen, og nemnde kort status i dei fire situasjonane som er til behandling i domstolen, nemleg Uganda, Darfur, Den demokratiske republikken Kongo og Den Sentralafrikanske republikken. Kirsch understreka den preventive effekten domstolen har, og at han er med og oppfyller FNs målsetjingar. Han påpeikte òg det viktige i at statar samarbeider effektivt med domstolen, då ein elles ikkje kan pågripe eller straffeforfølgje dei tiltalte. Noreg uttrykte full støtte til domstolens arbeid.

Dei internasjonale straffedomstolane for det tidlegare Jugoslavia (ICTY) og Rwanda (ICTR)

Presidentane for dei to tribunala tok for seg strategiane for å avslutte arbeidet ved domstolane. Ei vellykka slutføring av mandata er avhengig av tilstrekkeleg samarbeid frå statane og at alle tiltalte blir arresterte og overleverte til domstolane. Pågripinga og overleveringa av Radovan Karadzic var ein viktig merkestein i arbeidet ved domstolen for det tidlegare Jugoslavia. Sentrale tema for domstolane og medlemslanda i FN er kva mekanismar som må behaldast for å sikre at dei som ber det største ansvaret for dei alvorlege overgrepene i det tidlegare Jugoslavia og Rwanda, ikkje får gå ustraffa. Det må òg etablerast ordningar som gjer at arkiva til domstolane er tilgjengelege for ettertida. Noreg rosa domstolane for arbeidet deira og gav dei på ny si fulle støtte.

4 Nedrusting og tryggleik (1. komité)

4.1 Generelt

Årets sesjon i nedrustingskomiteen var i stor grad prega av ein «vente og sjå»-atmosfære. Kjende synspunkt blei i hovudsak gjentekne, og USA heldt ein påfallande låg profil. Mange avventa haldningane til den nye administrasjon i Washington, spesielt til kjernefysisk nedrustning og ikkjespriing.

Noreg heldt eit hovudinnlegg og fire tematiske innlegg om høvesvis kjernevåpen, andre masseøyleggingstvåpen, konvensjonelle tvåpen og nedrustingsmaskineriet. Den sentrale budskapet var behovet for å gjenreise internasjonal semje om kjernefysisk nedrusting og ikkjespriing og for å sikre eit positivt utfall av tilsynskonferansen for ikkjespriingsavtalen (NPT) i 2010. Noreg viste til nedrustningskonferansen som blei halden i Oslo i februar 2008, og at det langsiktige målet var full avskaffing av kjernevåpen. Ein annan viktig budskap var at det trengst tiltak mot ulovleg omsetning av handtvåpen, og at det hastar, også av humanitære årsaker, med å komme i gang med forhandlingar om ein avtale som regulerer internasjonal handel med konvensjonelle tvåpen (ATT). Når det gjaldt det multilaterale nedrustingsmaskineriet, blei det påpeikt at vedtakinga av klasevåpenkonvensjonen viser at det kan oppnåast gode resultat gjennom opne multilaterale nedrustingsforhandlingar. Dersom det ikkje blir ny framdrift i dei etablerte foruma som i dag er prega av stillstand, vil kravet om å etablere nye forhandlingsprosessar auke i styrke.

4.2 Klaseammunisjon

Spørsmålet om klaseammunisjon avdekte eit klart skilje mellom dei mange landa som støtta opp den nye konvensjonen om klaseammunisjon (CCM), og enkelte land som går inn for at klaseammunisjon utelukkande skal handterast innanfor ramma av konvensjonen om inhumane tvåpen. Til den siste kategorien høyrde USA, Kina, India, Pakistan, Russland og enkelte arabiske land. Resolusjonen om konvensjonen om klaseammunisjon som blei

behandla under Generalforsamlinga, var berre av administrativ karakter og blei vedteken utan vote-ring. Nokre land som ikkje deltok i konvensjonsforhandlingane (Israel, USA og India), gjorde det klart at vedtaket ikkje innebar at dei støtta CCM.

4.3 Avtale om regulering av internasjonal handel med konvensjonelle tvåpen (ATT)

Debuttane viste at det blir ei utfordring å få utarbeidd ein avtale om regulering av internasjonal handel med konvensjonelle tvåpen (ATT). For to år sidan blei det vedteke å setje ned ei mellomstatleg ekspertgruppe som skulle greie ut rammene for ein mogeleg ATT. Gruppen blei ikkje einig, og i år la Storbritannia fram ein resolusjon som opna for at det kan bli halde konsultasjonar som i stor grad vil bere preg av forhandlingar. Både USA og dei arabiske landa var skeptiske til det britiske opplegget, mens mange andre land, også Noreg, helst hadde ønskt seg eit endå høgare ambisjonsnivå. USA og Zimbabwe var dei einaste landa som stemte mot ATT-resolusjonen, mens Israel, dei arabiske landa, Iran, India og Pakistan avstod. Dette viser at det vil bli ein tung prosess å få på plass ein sterk ATT med universell oppslutning, sjølv om ei mogeleg justering av amerikansk politikk gir grunn til forsiktig optimisme.

4.4 Våpenkappløp i det ytre rommet

USA heldt ein låg profil, men var likevel svært tydeleg på at det ikkje er behov for å utvikle nye folkerettslege instrument for å hindre eit våpenkappløp i det ytre rommet (PAROS). Både Russland, Kina og dei alliansefrie landa la på si side stor vekt på behovet å få framforhandla eit PAROS-instrument. EU og Noreg plasserte seg her i ein mellomposisjon der vi uttrykte støtte til at nedrustningskonferansen (CD) skal komme i gang med konsultasjonar og eventuelt forhandlingar om dette spørsmålet.

4.5 Andre resolusjonar

Forutan resolusjonen til Australia og Sør-Korea om kamp mot ulovleg våpenmekling og resolusjonen om klasevåpen, blei det ikkje introdusert nye resolusjonar. Nokre resolusjonar som ikkje har vore fremja dei siste åra, blei derimot lagde fram i år. Det gjaldt mellom anna USAs resolusjon om etterleving av nedrustings- og ikkjepreigingstilsegner og Kviterusslands resolusjon om tiltak for å hindre utvikling av nye typar masseødeleggingsvåpen. Avrøystingane over dei enkelte resolusjonane følgde i stor grad etablerte mønster, men enkelte land stilte seg noko annleis enn før til nokre resolusjonar. Nesten alle NATO-landa røysta denne gongen for den såkalla Ny agenda-resolusjonen om kjernefysisk nedrusting.

Noreg skifte frå avståande til ja i avrøystinga over resolusjonen om utarma uran, og fekk med oss Island og Finland på dette. Nederland gjorde ein endå større snuoperasjon ved å gå frå nei til ja. Sjølve resolusjonen legg opp til ytterlegare innhenting av informasjon om mogelege skadeverknader ved bruk av utarma uran i ammunisjon. Inntil vidare blir det ikkje lagt opp til utvikling av eit nytt instrument på området.

Som i tidlegare sesjonar brukte medlemslanda mykje tid og krefter på å samle medforslagsstillarar til dei enkelte resolusjonane og til å ta stilling til dei mange oppmodingane om å teikne seg som medforslagsstillarar. Under den tematiske debatten om det mellomstatlege nedrustingsmaskineriet gjorde Noreg eit poeng av at ein burde komme bort frå denne praksisen.

5 Økonomi, miljø- og utviklingsspørsmål (2. komité)

5.1 Generelt

Arbeidet i 2. komité var i haust prega av noko meir tillitt mellom nord og sør enn det som har vore tilfellet dei siste åra. Sidan mange av sakene som vanlegvis får merksemd, var knytte til «Doha-prosesen» om finansiering for utvikling, var arbeidet meir prega av eit mellomår utan nye rørsler.

5.2 Miljø og berekraftig utvikling

Miljø- og klimaarbeidet i FN ber preg av at det går føre seg ein forhandlingsprosess fram mot konferansen som skal haldast i København i desember 2009. Dei fleste medlemslanda vil ikkje at New York skal bli arena for substansielle framskritt fordi dette kan verke bindande på forhandlingane fram mot København. Hovudpoenget, spesielt for utviklingslanda, har vore å unngå resolusjonstekstar som på nokon som helst måte ymtar om større ansvar enn tidlegare. Noreg har likevel markert seg på klimaområdet, spesielt gjennom arbeidet med å redusere klimautslepp frå avskoging og å utvikle teknologien for fangst og lagring av karbon.

5.3 Migrasjon

Det er framleis inga prinsipiell semje mellom medlemslanda om kvar og korleis migrasjon skal behandlast i FN. Etter tunge forhandlingar blei det til slutt semje om eit kompromiss som inneber at det skal haldast ein ny høgnivådialog i 2013. Vedtaket sikrar at migrasjon og utvikling førebels også blir debattert i FN-samanheng, og kan derfor betraktast som eit skritt i rett retning.

5.4 Korrupsjon

Korrupsjonsdebatten i 2. komité har eit klart utviklingsperspektiv. Resolusjonen byggjer opp under konvensjonen mot korrupsjon, slik det blei semje om ved førre Generalforsamling. Som i fjor var det ikkje semje om kva det betyr i praksis. Mange land frå sør var først og fremst opptekne av tilbakeføring av ulovleg erverva midlar. Land i nord var meir opptekne av mellomstatleg tilslutnad til heile konvensjonen, og at det var viktig å nemne godt styresett i kampen mot korrupsjon. Resultatet blei ein resolusjon som uttrykkjer bekymring over omfanget av problemet, fordømmer korrupsjon i alle former og oppfordrar landa til å motarbeide og kriminalisere slik praksis. Noreg la vekt på å få på plass mekanismar for implementering av konvensjonen og initiativa som knyter seg til han, og mot ulovleg kapitalflukt. I forhandlingane om resolusjonen støtta Noreg også forslaget frå land i sør om å understreke samanhengen mellom korrupsjon og skatteunndragingar i selskap. Det lukkast likevel ikkje å få det inn i den endelege teksten.

5.5 Fattiges tilgang til lov og rett

Generalforsamlinga vedtok ein resolusjon om fattiges tilgang til lov og rett, etter lang tids norsk arbeid med dette temaet. Noreg var pådrivar for kommisjonen som la fram sin rapport om temaet i juni 2008. Med vedtaket i Generalforsamlinga vil FN på sikt kunne styrkje arbeidet med å gi fattige tilgang til å registrere eigedom, skaffe seg kreditt og såleis komme seg ut av fattigdommen. Resolusjonen blei framforhandla i allianse med sentrale utviklingsland.

6 Menneskeretts- og sosiale spørsmål (3. komité)

6.1 Generelt

Seksti år etter at Verdserklæringa om menneskerettane blei vedteken, er dei tradisjonelle skiljelinjene mellom Vestgruppa (nord) og G77 (sør) framleis å finne i 3. komité. Behandlinga av tilleggsprotokollen til konvensjonen om økonomiske, sosiale og kulturelle rettar er eit eksempel på dette. Trass i at protokollen blei vedteken ved konsens, valde ei rekkje vestlege land, deriblant Noreg, å leggje fram posisjonsforklaringar i samband med vedtaket.

Det imponerende oppmøtet under høgnivåmøtet om interreligiøs dialog understreka den allmenne erkjenninga av behovet for auka forståing på tvers av religiøse og kulturelle skiljelinjer. Frontane i resolusjonsforhandlingane om religionsfri-dom og nedsetjande omtale av religionen viste likevel kor langt gruppene står frå kvarandre i desse spørsmåla.

Samtidig var konfliktnivået på nokre område lågare under sesjonen i år enn i fjor. Initiativet om rettar for lesbiske, homofile, bifile og transpersonar blei fremja ved såkalla «stille diplomati» gjennom kontakt med enkeltland. På den andre sida var forhandlingane om dødsstraffresolusjonen både harde og konfronterande, sjølv om ein viss forhandlingstrøyttheit var å spore.

Det norske hovudinnlegget tok utgangspunkt i 60-årsjubileet for Verdserklæringa, det universelle ved erklæringa og den manglande etterlevinga av rettane ho inneheld. Elles la Noreg vekt på kor viktige menneskerettsforsvararar er for å fremje og verne menneskerettane, og på den aukande merksemda om forholdet mellom religions- og livssynsspørsmål på den eine sida og ytringsfri-dom på den andre. Dødsstraff, tortur og kampen mot terrorisme blei òg omtalt.

6.2 Lesbiske, homofile, bifile og transpersonar

Noreg var blant dei 66 landa som stilte seg bak eit innlegg om rettane til lesbiske, homofile, bifile og transpersonar. Innlegget var det første som ble

halde om temaet i FNs generalforsamling. I innlegget fordømmer landa overgrep mot homofile på grunn av seksuell orientering og ber statane gjennomgå lovverket sitt for å sikre at homofil praksis ikkje er straffbart. Vidare slår innlegget fast at prinsippa om universalitet og ikkje-diskriminering også omfattar desse gruppene. Det var av stor verdi at alle regionale grupper i FN var representerte blant dei 66 landa. Det er òg verdt å merkje seg at eit motinnlegg organisert av Egypt berre samla 57 land. Det kan tyde på at ei lang rekkje land ser det som politisk kostbart å tone flagg i saka, same kva haldning dei har. Det er såleis for tidleg å fremje ein resolusjon om rettane til lesbiske, homofile, bifile og transpersonar, sidan det er høgst usikkert om ein vil oppnå fleirtal. Noreg var med i kjernegruppa som utarbeidde innlegget. I 2006 leidde Noreg arbeidet med eit liknande innlegg i FNs menneskerettsråd i Genève.

6.3 Dødsstraffresolusjonen

Den banebrytande dødsstraffresolusjonen som blei vedteken under den 62. generalforsamlinga, var årsak til den mest opprivande debatten også i fjoråret. Ei følgje av dette var at mange medlemsland var lite innstilte på ein ny konfrontasjon under haustens generalforsamling. Resolusjonen som blei vedteken under den 63. sesjonen, møtte framleis sterk motstand, men konfliktnivået var redusert. Det kom hovudsakleg av at teksten var prosedyreprega og la opp til at neste substansielle debatt om temaet først blir i 2010. Ved å gjere resolusjonen toårleg håpa ein å gi land som vurderer å innføre eit moratorium på dødsstraff, tilstrekkeleg tid til å gjere lovendringar. Bakgrunnen for den prosedyreprega resolusjonen er at det er viktig å kunne vise til ein vedvarande trend i retning av eit globalt moratorium på dødsstraff.

6.4 Barns rettar

Saman med Sveits og New Zealand valde Noreg for første gong ikkje å vere medforslagsstillar til reso-

lusjonen om barns rettar. Årsaka var misnøye med den årvisse forhandlingsprosessen, der EU og gruppa av latinamerikanske land saman presenterer kompromissutkast basert på eit minste felles multiplum, som det er vanskeleg for dei resterande medlemslanda å styrkje. At trelandsgruppa på denne måten understreka misnøye med prosessen, gjorde sitt til at resolusjonen i år blei sterkare enn den i fjor. Ordlyden blei styrkt på fleire område som er viktige for Noreg, mellom anna etterleving av retten til utdanning i humanitære kriser, auka merksemd om skadeverknadene av å vere vitne til vald, bruken av dødsstraff mot barn og seksuell vald mot barn. Det var spesielt viktig at fornyinga av mandatet til generalsekretærens spesialrepresentant for barn og væpna konflikt blei godt vareteken. På same tid er det bekymringsverdig at generalsekretæren framleis ikkje har utnemnt ein spesialrepresentant for vald mot barn over eitt år etter at Generalforsamlinga vedtok det.

6.5 FNs høgkommissær for flyktningar (UNHCR)

Resolusjonen «Office of the United Nations High Commissioner for Refugees», som stadfester støtte frå Generalforsamlinga til UNHCRs arbeid, blei vedteken ved konsens. Å framforhandle resolusjonen er eit nordisk rotasjonsansvar, og Noreg leidde arbeidet denne gongen. Teksten gir Generalforsamlinga høve til å komme med innspel til UNHCRs arbeid og minner i tillegg om ansvaret Generalforsamlinga har overfor kontoret til FNs høgkommissær for flyktningar.

6.6 Menneskerettssituasjonen i enkeltland

Generalforsamlinga vedtok tre landspesifikke resolusjonar om Iran, Myanmar/Burma og Nord-Korea. Noreg var medforslagsstillar til alle tre. I Generalforsamlinga er resolusjonar om menneskerettssituasjonen i enkeltland blant dei mest kontroversielle, og dei blir gjerne angripne for å vere selektive og politisk motiverte. Det blei fremja ikkjebehandlingsforslag på resolusjonane om Iran og Myanmar/Burma. Begge forslaga mislykkast. Canada og nærstående land, deriblant Noreg, la ned eit betydeleg lobbyarbeid i framkant av Iran-resolusjonen for å hindre at ikkjebehandlingsforlaget skulle føre fram.

6.7 Tortur

Den årlege danske resolusjon om tortur oppnår tradisjonelt konsens blant medlemslanda, men i 2008 såg det lenge ut til å gå mot votering då fram-tredande G77-land, støtta av Russland og Kina, sette seg mot at resolusjonen skulle omtale ei styrking av innsatsen for å førebyggje bruk av tortur. Den same gruppa av land forsøkte å undergrave det absolutte forbodet mot tortur ved å relativisere forbodet mot å utlevere personar til statar som ein trur praktiserer tortur.

6.8 Utanomrettslege, summariske eller tilfeldige avrettingar

Ikkje uventa gjekk Sveriges toårlege resolusjon om utanomrettslege, summariske eller tilfeldige avrettingar til avrøysting. Resolusjonen inneheld mellom anna den einaste referansen til seksuell legning i ein FN-resolusjon. Statane blir i denne paragrafen bedne om å setje i verk tiltak for å sikre spesielt sårbare grupper mot drap, m.a. grunna seksuell legning. Det var gledeleg at ei separat paragrafvotering om denne referansen blei avvist med ei overvekt på eit titals stemmer. Elles var det positivt at det lykkast Sverige å få inn ein referanse til «ansvar for å beskytte», nærmare bestemt statanes ansvar for å beskytte borgarane mot dei alvorlegaste brotsverka og verdssamfunnets ansvar, gjennom Tryggingrådet, for å treffe nødvendige tiltak dersom den aktuelle staten ikkje oppfyller sitt ansvar.

6.9 Retningslinjer for arbeidet hos Høgkommissæren for menneskerettar (Programme 19)

Noreg deltok aktivt i forhandlingane om retningslinjer for arbeidet hos Høgkommissæren for menneskerettar. Retningslinjene er kjende som «Programme 19» og inngår i Høgkommissærens strategiske rammeverk for perioden 2010–2011. Noreg er nest største givar til Høgkommissærens kontor, og det er avgjerande viktig for Noreg at kontoret ikkje får mandatet sitt underlagt føringane til Menneskerettsrådet. Som tidlegare år freista G77-landa, særleg Cuba og Afrika-gruppa, å svekkje Høgkommissærens mandat og endre teksten i ei retning som var uakseptabel for vestlege land, deriblant Noreg. Mange av forslaga gjeld ønske om å sløyfe referansar til brot på menneskerettane og til arbeid for å fremje og verne om menneskerettane.

Om Noregs deltaking i den 63. ordinære generalforsamlinga i Dei sameinte nasjonane (FN) og vidareførte sesjonar av den 62. generalforsamlinga i FN

For første gong blei denne resolusjonen vedteken ved votering. Det skuldast i første rekkje ein referanse til oppfølginga av FNs rasismekonferanse

(Durban). Verken Israel, USA, Canada eller Australia kunne gå med på nokon slik referanse.

7 Avkolonisering og fredsbyggingsoperasjonar (4. komité)

7.1 Generelt

Vest-Sahara og Midtausten dominerte som vanleg debatten i 4. komité, som har blitt mindre viktig etter kvart som Tryggingrådet har engasjert seg sterkare i nær sagt alle konflikter, og kolonistynet med nokre få unntak er avvikla.

7.2 Vest-Sahara

Etter langvarige forhandlingar blei Algerie og Marokko til slutt enige om ein felles resolusjon om Vest-Sahara. Resolusjonen blei vedteken ved konsens og er i all hovudsak ei teknisk oppdatering av resolusjonen frå i fjor, som òg blei vedteken ved konsens. Dei to landa var lenge usamde om tilvisinga til tryggingrådsresolusjon 1813 (2008), som tek til orde for «realisme og vilje til kompromiss» i forhandlingane.

7.3 Midtausten

Nær 60 år etter at United Nations Relief and Works Agency (UNRWA) blei oppretta som eit mellom-bels tiltak for å støtte palestinske flyktningar, har organisasjonen no ansvar for om lag 4,5 millionar palestinske flyktningar på Vestbreidda og Gazastripa og i Libanon, Syria og Jordan. Noreg innleidde debatten ved å rapportere frå arbeidsgruppa for finansiering av UNRWA. Arbeidsgruppa minte om at UNRWA framleis er underfinansiert, samtidig som prisen på matvarer og drivstoff har auka. Stenginga av Gazastripa og gjenreisinga av flyktningleiren Nahr al-Bared krev dessutan store ressursar. UNRWAs generalkommisjonær, Karen Koning AbuZayd, la i debatten vekt på situasjonen på Gazastripa, der 70 % av befolkninga er avhengig av matvarehjelp frå UNRWA. AbuZayd uttrykte bekymring for at finanskrisa skal gjere det vanskelegare å mobilisere støtte til palestinske flyktningar, og oppfordra givarlanda til å yte bidrag som før. Han la dessutan fram planar om eit ministermøte ved opninga av den 64. generalforsamlinga for å markere at det då er 60 år sidan UNRWA blei stifta. I sitt innlegg rosa Noreg UNRWA for den

uvurderlege støtta dei har ytt til dei palestinske flyktningane. Noreg framheva den elendige situasjonen på Gazastripa og oppfordra Israel til å avstå frå å bruke straffetiltak mot sivilbefolkninga. Behandlinga av resolusjonane om Midtausten følgde dei same spora som under tidlegare Generalforsamlingar.

7.4 Fredsbevarande operasjonar

Talet på FN-leidde fredsoperasjonar blei i 2008 redusert gjennom nedlegginga av operasjonen i Etiopia og Eritrea (UNMEE). Samtidig heldt den generelle personellauken som følgje av dei stadig meir komplekse og omfattande mandata for operasjonane fram. Ingen nye operasjonar blei sette i verk, men det blei arbeidd vidare med førebuingane til at FN skal utvide operasjonen i Tsjad gjennom å overta leiinga av den militære styrken frå EU, samtidig som ein fortløpande vurderte etablering av ein operasjon i Somalia. Ved utgangen av 2008 var det totalt 18 fredsbevarande og politiske FN-operasjonar under leiing av FN-sekretariatets avdeling for fredsbevarande operasjonar (DPKO). Totalt hadde FN ved utgangen av året over 112 000 personar frå 120 land i felt. Den stadige utvidinga av operasjonsomfanget skaper store utfordringar med å skaffe tilstrekkeleg kvalifisert personell. Det årlege budsjettet for FNs fredsbevarande operasjonar er no på over USD 7 mrd.

Etableringa av operasjonen i Darfur (Sudan), som FN leier i samarbeid med AU, har representert ei vedvarande utfordring. Skort på ein eller fleire av dei tre grunnleggjande føresetnadene for vellykka FN-operasjonar: ein fred å bevare, aksept frå partane/støtte frå vertsnasjonen og nødvendige ressursar til å fylle mandatet, er ei utfordring i mange operasjonar. Aukande problem i samarbeidet med vertsnasjonen er ei utvikling mange ser på med særleg uro, då det er med og undergrev autoriteten til Tryggingrådet.

I generaldebatten fokuserte både den nye leiaren for DPKO, visegeneralsekretær Alain Le Roy, og leiaren for FNs avdeling for feltstøtte (DFS), visegeneralsekretær Susana Malcorra, på grunnleggjande utfordringar som mandatutforming og

ressurstilgang, behovet for reform for å kunne levere i felt og verdien av samarbeid med andre internasjonale organisasjonar. Malcorra understreka i tillegg det gode samarbeidet ho hadde med medlemslanda, behovet for å prioritere dei akutte utfordringane med støtte til operasjonar i felt og betydninga av fleksibilitet for å kunne handtere endringar i situasjonen i operasjonsområdet. Sekretariatet skal sjå på nye logistikkstrategiar og anskaffingsprosedyrar for å kunne møte desse utfordringane. Malcorra la òg vekt på innsatsen for å hindre at FN-personell gjer seg skuldig i seksuell vald og overgrep under FN-operasjonar.

Støtte til nulltoleranse når det gjeld seksuelle overgrep og andre brot på FN-regelverket var eit gjennomgåande tema i innlegga frå medlemslanda. Mange var opptekne av samsvar mellom mandat og ressursar og betre samarbeid mellom troppebi-

dragsytande land, Tryggingrådet og sekretariatet. Fleire medlemsland understreka behovet for vidare styrking av DPKO ved kontoret for militære saker (OMA) og av politiavdelinga i DPKO. Vern av sivile som eit nøkkelelement i operasjonsmandata blei spesielt vektlagt av fleire vestlege medlemsland. Noreg fokuserte i innlegget på tilrådingane frå prosjektet «FNs integrerte operasjonar» (IM-prosjektet), på behovet for kvalifisert personell og samarbeid med regionale organisasjonar, og på støtte til vidareutvikling av afrikansk fredsoperasjonskapasitet. Sluttrapporten frå IM-prosjektet blei overlevert til visegeneralsekretær dr. Asha-Rose Migiro i samband med sesjonen i 4. komité. Oppfølging av tilrådingane i rapporten vil stå sentralt i det vidare norske arbeidet med FNs fredsoperasjonar.

8 Administrative og budsjettmessige spørsmål (5. komité)

8.1 Det regulære budsjettet for 2008–2009

FN-budsjettet blir vedteke for ein periode på to år. Budsjettet for perioden 2008–2009 blei vedteke under den 62. Generalforsamlinga i 2007. Etter langvarige forhandlingar mellom EU og G77 blei FNs generalforsamling like før jul samd om ein pakke med tilleggsbudsjett for 2009. Desse mindre budsjetta omfattar det eittårige budsjettet for særlege politiske oppdrag (Special Political Missions) og nye initiativ som styrking av FNs politiske avdeling (DPA), styrking av dei avdelingane i FN-sekretariatet som arbeider med utviklingsspørsmål og harmonisering av tenestevilkåra for FN-tilsette. Budsjetta kjem i tillegg til FNs toårige budsjett for 2008–2009, og innebar til saman ein auke på USD 657 471 800. Dermed er budsjettet for 2009 på USD 4 865 080 200. Generalforsamlinga godtok dessutan eit førebels overslag på det toårige budsjettet for 2010–2011 på USD 4 871 048 700.

Bidragsskalaen

Bidragsskalaen for den neste treårsperioden (2010–2012) vil bli drøfta når sesjonen blir teken opp att i mars, men det er ikkje venta at det blir fatta noko vedtak før haustsesjonen i den 64. generalforsamlinga.

Den 61. generalforsamlinga vedtok å vidareføre den eksisterande treårige skalaen (2001–2003 og 2004–2006) for utlikning av medlemslanda sine bidrag til det regulære budsjettet for perioden 2007 til 2009. Dei store utviklingslanda tok då ansvar innanfor gruppa av utviklingsland og tok uformelt på seg å betale noko meir, slik at små utviklingsland som fekk stor auke i sine bidrag, kunne fase desse inn over dei neste tre åra. Russland tok òg på seg ei noko større økonomisk byrde ved å betale 2 % i staden for den utlikna satsen på ca. 1,2 %. USA var fornøgd med utfallet då «taket» på 22 % blei ståande. Også Japan kunne leve med vidareføringa ettersom bidraget deira ville bli redusert i alle tilfelle fordi dei hadde ein nedgang i BNP. Det norske bidraget til FNs regulære budsjett er på 0,782 %.

FNs finansielle situasjon

På grunn av sein eller manglande innbetaling frå medlemslanda har FN framleis sesongprega likviditetsproblem. Medlemslanda skulda i 2008 rundt 3,8 mrd. Det var meir enn ved utgangen av 2007, då medlemslanda hadde ei gjeld på USD 3,3 mrd. Av dette var USD 756 mill. til det regulære budsjettet, USD 2,9 mrd. til FNs fredsbevarande operasjonar, USD 53 mill. til krigsforbrytardomstolane og USD 80 mill. til oppgradering av FN-bygningen. USA har ved utgangen av 2008 ei totalgjeld på USD 1,6 mrd. og er den som skuldar mest. Andre store bidragsytarar som Japan og Argentina hadde til saman ei gjeld på over USD 944 mill.

8.2 Finansiering av FNs krigsforbrytardomstolar

Generalforsamlinga vedtok å revidere dei toårige budsjetta for krigsforbrytardomstolane på USD 305,4 mill. for Rwanda (ein auke på USD 38 mill.) og USD 376,2 mill. for det tidlegare Jugoslavia (ein auke på 28,6 mill.).

8.3 Finansiering av FNs fredsbevarande operasjonar

Finansiering av FNs fredsbevarande operasjonar skjer i utgangspunktet for ein periode på eitt år, frå 1. juli til 30. juni. Generalforsamlinga vedtek som regel budsjetta for dei fredsbevarande operasjonane i juni kvart år. Det vil likevel vere behov for å behandle budsjettforslag etter kvart som Tryggingrådet fornyar mandatet til beståande operasjonar eller opprettar nye operasjonar.

Under haustsesjon drøfta Generalforsamlinga ein framdriftsrapport for den fredsbevarande operasjonen i Darfur (UNAMID) og vedtok eit budsjett for første halvdel av 2009 på USD 449,9 mill. , noko som tilsvare eit kutt på USD 100 mill. samanlikna med det opphavlege forslaget. UNAMIDs budsjett for andre halvdel av 2008 var på USD 919 400 200.

Generalforsamlinga vedtok dessutan å redusere budsjettet for FNs observatørstyrke i Etiopia

og Eritrea (UNMEE), til USD 37,02 mill. frå den opphavlege løyvinga på USD 100,37 mill. (se 7.4 over).

Med desse vedtaka har FN aktive fredsbevarande operasjonar som kostar om lag USD 7,1 mrd. for 2007–2008. Desse budsjetta, med unntak av UNTSO i Midtausten og UNMOGIP i Kashmir, blir finansierte gjennom pliktige bidrag frå medlemslanda etter ein bidragskala der dei fem permanente medlemmene av Tryggingrådet yter ein større del enn til det regulære budsjettet. Noreg står for 0,782 %.

8.4 FNs politiske misjonar

I tillegg til FNs fredsbevarande operasjonar behandlar Generalforsamlinga kvar haust dei eittårige budsjetta til FNs 27 særlege politiske misjonar. Generalforsamlinga godkjende eit samla budsjett på USD 413,65 mill. , noko som utgjer om lag 20 % av FNs regulære budsjett. Den sivile FN-operasjonen i Afghanistan (UNAMA) er den største enkeltposten og fekk støtte til den planlagde utvidinga med 115 nye internasjonale stillingar, som inneber at budsjettet blir dobla til USD 155 mill. .

8.5 Styrking av FNs politiske avdeling (DPA)

Etter halvtanna års forhandlingar blei det endeleg semje om å styrkje FNs politiske avdeling (DPA) med 49 nye stillingar, om lag halvparten av det Generalsekretæren opphavleg hadde foreslått. Utviklingslanda stilte seg i utgangspunktet skeptiske til å styrkje FNs evne til politisk rapportering, mekling og konfliktførebygging.

8.6 Styrking av FNs utviklingsarbeid

Generalforsamlinga vedtok å styrkje FNs utviklingsarbeid ved å godkjenne 92 nye utviklingsrelaterte stillingar i FN-sekretariatet. Utviklingslanda kravde opphavleg langt fleire stillingar, men EU hevda at dei nye stillingane var dårleg grunngitte og ville føre til overlapping med FNs fond og program. Utviklingslanda gjorde dette til ei fane sak under haustens sesjon og blokkerte andre forhandlingar for å få støtte til ei mengd nye stillingar. Til slutt blei det semje om eit kompromiss på 92 nye stillingar. Noreg og Island støtta styrking av kvinne- og likestillingseeininga i FN-avdelinga for

utvikling (DESA), som til slutt fekk fem nye stillingar.

8.7 Harmonisering av tenestevilkår

Generalforsamlinga vedtok dessutan å harmonisere tenestevilkåra for FN-tilsette, mellom anna for å styrkje rekrutteringa til utsette feltoperasjonar. For UNAMA betyr det at det særskilde risikotillegget (om lag 1620 US-dollar per månad) som unntaksvis blei løyvd fram til 30. juni 2009, blir ein del av dei regulære godtgjerslene. Talet på ledige stillingar i UNAMA gjekk markant ned etter at risikotillegget blei vedteke i sommar, og det er von om at den nye ordninga vil gjere det lettare å rekruttere kvalifisert personell. Den totale kostnaden med harmoniseringa for 2009 er på ca. 93 mill. US-dollar.

8.8 Reformspørsmål

Haustens sesjon tok igjen fatt på arbeidet med å reformere FN i tråd med vedtaka som blei fatta under høgnivåmøtet i 2005. Mens EU og USA har vilja fortsetje arbeidet med reformresolusjonane, har G77 vore skeptiske og heller gjort geografisk representasjon av utviklingsland i FN-sekretariatet til hovudsak. Japan på si side har vore tilbakehaldne med ressursbruken og har derfor gjort det endå vanskelegare å få reformprosessen framover. Ein har likevel fått vedteke eit nytt internt rettspleiesystem for FN. Dette profesjonaliserer FN som arbeidsgivar og er eit viktig framsteg no når FN har over tretti tusen tilsette.

Personalforvaltning

Generalforsamlinga vedtok ei gjennomgripande reform av personalforvaltninga i FN, som omfattar kontrakts- og tilsetjingsforhold, rekruttering, nasjonale opptaksprøvar (NCE), kvalitetskrav, mobilitet, karriereutvikling, geografisk representasjon og kjønnsfordeling. Dei viktigaste reformene gjaldt tilsetjingsforhold og tenestevilkår. Det blei vedteke å forenkle tilsetjingsforholda i FN ved å opprette tre standardiserte arbeidskontraktar frå 1. juli 2009: midlertidig (opp til eitt år), tidsavgrensa (fornybar opp til fem år) og fast tilsetjing. Det herskar framleis usemje om kriteria for fast tilsetjing. Det blei dessutan vedteke å harmonisere tenestevilkåra (risikotillegg og liknande) for FNs feltoperasjonar, som no blir inndelte i «family missions» og «non-family missions», med særskilde tillegg. Det er håp om at denne reforma vil styrkje

rekrutteringa til utsette FN-operasjonar som den i Afghanistan (UNAMA). Det var førebels inga semje om å forenkle rekrutteringsprosessen i FN.

Tilsyn og kontroll

Reform av FNs tilsyns- og kontrollstruktur er ein del av oppfølginga av høgnivåmøtet i 2005. Ved den 61. generalforsamlinga blei det teke sikte på ei brei evaluering av FNs eksisterande tilsyns- og kontrollsystem. Temaet er vanskeleg, med stort sprik mellom posisjonane til medlemslanda, og då punktet blei lagt fram for komiteen under haustens sesjon, stod EU og G77 framleis langt frå kvarandre. Av den grunn lét det seg ikkje gjere å einast om hovudelementa i ein resolusjon. Diskusjonen om tilsyns- og kontrollproblematikken vil halde fram i den gjenopptekne sesjonen våren 2009.

Revisjonsstandardar

Arbeidet med å innføre internasjonalt godtekne revisjonstandardar (International Public Sector Accounting Standards – IPSAS) i FN-systemet held fram. Etter planen skal desse standardane vere i bruk i heile FN-systemet innan 2010.

8.9 Andre budsjettspørsmål

Oppussing av FN-sekretariatet

Det er vedteke at FN-bygningen skal totalrenoverast for første gong sidan han stod ferdig for 59 år sidan («Capital Master Plan»). Oppussinga starta i 2008 ved at det blir bygd eit mellombels bygg (149,5 mill. US-dollar) for Tryggingrådet, Generalforsamlinga og konferansar i parkområdet nord for dagens bygning. Eit totalrenovert FN-bygg skal etter planen kunne takast i bruk i 2014. Prosjektet har eit eige budsjett på USD 1,87 mrd. .

Modernisering av FNs IT-system

Generalforsamlinga vedtok etter lange og kompliserte forhandlingar ein resolusjon som legg grunnlaget for ny IT-strategi og IT-plattform i FN-sekretariatet. Det blir oppretta eit uavhengig kontor for informasjon, kommunikasjon og teknologi (ICT) under leiing av ein eigen IT-sjef. Generalforsamlinga godkjende dessutan første fase i «ERP»-prosjektet («Enterprise Resource Planning»), som skal modernisere og integrere FNs IT-prosessar med omsyn til rekruttering, innkjøp og budsjettadministrasjon, og løyvde 20 mill. US-dollar for åra 2008–2009. Eit nytt og omfattande IT-system vil vere ei stor og dyr investering for FN, men er helt nødvendig for å profesjonalisere drifta og gjennomføre internasjonale standardar for bokføring. Det blei likevel inga semje om datatryggleiken og databeredskapen i FN i samband med oppussinga av FN-bygget og nødvendige omlokaliseringar.

9 Juridiske spørsmål (6. komité)

9.1 Generelt

I 6. komité blir resolusjonane vanlegvis vedtekne ved konsens. Viktige punkt på saklista under den 63. generalforsamlinga var mellom anna forhandlingar om ein resolusjon om terrorisme, spørsmål knytte til straffansvar for FN-tilsette, rettsstatsprinsipp og behandlinga av Folkerettskommisjonens rapport. Det blei fatta vedtak på område som reform av FN sine interne rettssystem, rapporten frå FN sin kommisjon for internasjonal handelsrett, rapporten frå Spesialkomiteen for FN-pakta og for styrking av organisasjonens rolle og rapporten frå komiteen om samkvemmet med vertslandet. I tråd med tidlegare praksis blei det halde felles nordiske innlegg på mange av dagsordenpunkta.

9.2 Terrorisme

Ein viktig del av FN-arbeidet mot terrorisme skjer i regi av Tryggingrådet med underkomitear, mellom dei Counter-Terrorism Committee (CTC), oppretta i samsvar med resolusjon 1373 (2001), som blei vedteken like etter angrepet på World Trade Center i New York. Tryggingrådet ser på internasjonal terrorisme som ein trussel mot fred og tryggleik, og rådet har på det grunnlaget eit hovudansvar for å fastsetje tiltak som varetek tryggleiken. Særleg gjeld dette tiltak retta mot personar eller grupper som står bak eller støtter terrorhandlingar. CTC spelar ei praktisk viktig rolle i kampen mot terrorisme og har som formål å styrkje overvakinga av utviklinga på området og å gi assistanse til medlemsland som enno ikkje har gjennomført resolusjon 1373. Tryggingrådet arbeider også gjennom 1267-komiteen (Taliban/Al Qaida), 1540-komiteen (nukleær terrorisme) og gjennom arbeidsgruppa for resolusjon 1566 (vurdering av nye tiltak for å styrkje FN sine arbeid på dette området).

Arbeidet mot terrorisme har òg ein viktig plass i Generalforsamlinga, som har som si rolle å forhandle fram bindande regelverk (i form av avtalar) og tilrådingar (i form av resolusjonar). Her deltek alle FN sine medlemsland i dialogen om terrorisme

og utviklar skrittvis felles normer for dette arbeidet. Generalforsamlinga arbeider med eit stort spekter av saksfelt for å nedkjempe terrorisme på brei front, slik som kampen mot fattigdom, styrking av den internasjonale rettsordenen, fred og forsoning, dialog mellom religionar og samfunn og arbeid mot spreiding av masseødeleggingsvåpen.

Som ei oppfølging av FN-toppmøtet i 2005 lanserte Generalforsamlinga i 2006 ein strategi for arbeidet mot terrorisme. Strategien omhandlar tiltak for å førebyggje og nedkjempe terrorisme og tiltak for å styrkje kapasitetane til medlemslanda i kampen mot terrorisme. Den første tilsynskonferansen for strategien blei avvikla i Generalforsamlinga i september og gav brei tilslutning til strategien. Det blei gjort framskritt når det gjaldt å organisere arbeidet i sekretariatet. I debatten viste Noreg til at det er viktig å leggje vekt på respekt for menneskerettane og rettsstatsprinsippa sin plass i antiterrorarbeidet. Det blei vidare vist til det norsk-finansierte prosjektet «Leaving Terrorism Behind» om individuell og kollektiv lausriving frå radikale miljø og terrorisme. Noreg støttar prosjekt i regi av FN. Det blei vedteke ein resolusjon som vidarefører den globale antiterrorstrategien fram mot neste tilsynskonferanse i 2010.

Også i år blei det gjort forsøk på å straumlinjeforme den årvisse resolusjonen om terrorisme. Dette initiativet førte dessverre ikkje fram, og Generalforsamlinga vedtok ein resolusjon som er ei rein oppdatering av tidlegare versjonar. Resolusjonen fordømmer alle former for terrorisme og understrekar verdien av arbeidet regionale organisasjonar og ulike FN-organ gjer i kampen mot terrorisme.

Semje om ein generell FN-konvensjon mot internasjonal terrorisme og avgrensinga av bruksområdet til ein slik konvensjon kunne ha medverka til å effektivisere samarbeidet i kampen mot terrorisme, mellom anna gjennom straffeforfølgning av dei som utfører terrorhandlingar. Ein konvensjon ville òg ha sendt eit eintydig signal om at verdssamfunnet står samla i kampen mot terror. Heller ikkje i år var det nokon framgang i arbeidet, og drøftingane blir igjen vidareførte i ad hoc komiteen som er

nedsett av Generalforsamlinga for å forhandle fram ein generell konvensjon mot terrorisme.

Noreg vil styrkje kampen mot terrorisme alle stader, same kven som utfører handlingane og kva som er motivet, og søkjer i forhandlingane å unngå løysingar som kan medverke til å legitimere handlingar ut frå at dei har ein særskild motivasjon (til dømes kamp mot ulovleg okkupasjon). På norsk side er vi òg av den oppfatning at behandlinga av statshandlingar og statsansvar er betre forankra i andre delar av folkeretten enn den internasjonale strafferetten.

9.3 Folkerettskommisjonen

Viktige spørsmål i rapporten frå Folkerettskommisjonen var internasjonale organisasjonars ansvar, delte naturressursar, utvisning av utlendingar, kva verknader væpna konflikthar på traktatar, plikta til å utlevere eller straffefølgje, immunitet for statstilsette, reservasjonar mot traktatar og vern av individ ved katastrofar. Det blei halde fleire fellesnordiske innlegg under saklistepunktet om Folkerettskommisjonens rapport.

9.4 Andre spørsmål

FN er ein stor arbeidsplass, og derfor oppstår ein del arbeidsrelaterte tvistar. Det tidlegare systemet for å handtere slike tvistar var modent for oppdateringar. Frå norsk side har ein aktivt støtta etableringa av eit effektivt system som nyt størst mogeleg grad av tillit både blant dei tilsette og hos FN som arbeidsgivar. I år blei det gjort viktige rammevedtak om det nye tvisteløysingssystemet, noko som opnar for ei snarleg betring av situasjonen.

Etter at det i 2004 blei avdekt at FN-tilsette hadde gjort seg skuldige i seksuelle overgrep, har FN arbeidd med spørsmålet om straffeansvar for FN-tilsette. Særleg spørsmål om immunitet, FN's kompetanse og rettsleg samarbeid på tvers av landegrensene har gjort seg gjeldande. Det herskar framleis stor usemje om korleis FN best kan gå fram i denne saka. Somme, deriblant EU, vil at det raskt skal vedtakast ein konvensjon som kneset viktige samarbeidsplikter. Også Noreg tok til orde for å utarbeide ein konvensjon, men det må dessverre erkjennast at utsiktene for dette er dystre. Det skuldast i hovudsak ei overdriven frykt hos ein del statar for ei utvikling der ein annan stat skal kunne straffefølgje dei militære personell.

På FN-toppmøte i 2005 blei det vedteke at ein skulle styrkje innsatsen for rettsstatsprinsippa. Under den 61. Generalforsamlinga blei det oppnådd semje om at temaet skal behandlast i 6. komité, og det blei førespegla at ein der skulle utpeike og diskutere ulike undertema. Det har tidlegare vist seg vanskeleg å oppnå semje om kva tema som skal diskutast. Fleksibilitet hos alle partar gjorde at ein i år kunne einast om ein arbeidsplan for dei tre kommande sesjonane.

Utanriksdepartementet

tilrår:

Tilråding frå Utanriksdepartementet av 24. april 2009 om Noregs deltaking i den 63. ordinære generalforsamlinga i Dei sameinte nasjonane (FN) og vidareførte sesjonar av den 62. generalforsamlinga i FN blir send Stortinget.

Vedlegg 1**Tale av Jens Stoltenberg, statsminister i Noreg, til generalforsamlinga i Dei sameinte nasjonane, 63. sesjon***New York, 25. September 2008*

President, eksellensar.

For 60 år sidan, hausten 1948, vedtok FN Verdserklæringa om menneskerettane. Dette internasjonale dokumentet inneheld ei kraftig påminning om at makt både kan og skal kontrollerast, og at eit hovudformål med arbeidet vårt her er å sjå til at dei sterke er rettferdige og dei svake trygge.

Verdserklæringa om menneskerettane skal vi feire seinare i haust, og ordlyden i erklæringa skal vere ei rettesnor for alt vi gjer.

Rettane og utsiktene for enkeltmenneske, grupper og land er grunnleggjande. Og FN står på toppen av eit system som kontrollerer desse overordna reglane.

Kvart år når eg kjem hit, blir eg slått av breidda i spekteret av saker som blir diskuterte her. Vi må spørje: Fokuserer vi på dei heilt vesentlege, dei alvorlegaste spørsmåla i vår tid?

I år reiste vi frå Doha-runden om handel med uforretta sak. Brotet har seinka oss i arbeidet med å skaffe milliardar av menneske betre økonomiske utsikter. Det er tvingande nødvendig at vi får prosessen i gang att.

Vi står overfor ei global matvarekrise. Generalsekretæren har skildra verknadene krisa har for hundrevis av millionar menneske som ikkje veit om dei har nok å ete i morgon.

Klima og energi er mellom dei viktigaste spørsmåla i vår tid, og det er dei vi må ha øvst på saklista. Desse store spørsmåla handlar òg om fattigdom, ulikskap og kjønn.

Leiarskap er nødvendig. Leiarskap her i FN.

Eg trur vi står overfor ikkje berre ei matvarekrise, ei energikrise, ei klimakrise og ei krise i handelssamtalane, men òg ei større krise i avgjerdstakinga.

Vi har stor institusjonell kapasitet. Vi diskuterer, vi drøfter og vi studerer, men altfor ofte klarer vi ikkje å bestemme oss. Ofte er det dei landa som vil minst, som bestemmer mest.

Dei som vil minst av forandring og framgang, kan bremse oss og blokkere avgjerder. Og etter

mange gode år ser det no ut til at også Tryggingrådet står overfor vanskar.

Alle land – alle medlemsstatar – har eit felles ansvar for at FN fungerer. Som eit vedtaksorgan som tener oss, som er til for folket. Som løyser globale problem og lèt alle menneske dra fordel av dei rettane dei er fødte med og som er skrivne inn i verdserklæringa om menneskerettane.

For å bli meir effektivt må FN gjennomføre reformer. Generalsekretæren snakka med sterk overtyding om dette tysdag. Vi må støtte han i den prosessen.

Eg har tru på dei pågåande drøftingane om samanheng på tvers av system. Eg var nestleiar i høgnivågruppa for dette emnet. Og eg er oppmuntra over at fleire og fleire land ser ut til å gå inn for «eitt FN». Nokre organisasjonar, fond og program oppnår effektiviseringsgevinstar, men dei er unntak.

Likevel er Noreg fast bestemt på å bruke FN som arena for våre viktigaste politiske aktivitetar på internasjonalt plan. I reine tal er vi sjuande største bidragsytar til FN. Difor vil vi halde auge med korleis fonda og programma styrer ressursane sine og bidraga våre. Vi og andre givarland må krevje større ansvarleggjering, innsyn og eit resultatbasert forvaltningssystem.

President.

Den høgast prioriterte oppgåva vår er å nå tusenårsmåla. Vi har teke på oss eit spesielt ansvar når det gjeld tusenårsmål nummer 4 om dødstal blant barn og nummer 5 om mødrehelse. Vi må alle vie dei neste sju åra til den fattigaste milliarden.

